



Tour des Fjords AS

Dato: 04.03.2015
Vår ref.: 2015/784-3
Saksbehandlar: brispje
Dykkar ref.:

Tour des Fjords - tilskot til planlegging og gjennomføring i 2015

Vi viser til vedtak i Fylkesutvalet 19.02.2015, sak 53/14.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 430 000 til gjennomføring av Tour des Fjords 2015.

Pengane vil verta utbetalt med det første

FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert oppfylde.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkrevd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskottgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>
- Det er ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottok meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.